



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Molde kommune

Dato: 22.04.2014

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Friluftsrådet Ålesund og Omland, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Uttale – høyring bygging av landbruksveg i Moldelia i Molde kommune


Me viser til høyring av planlagt landbruksveg i Moldelia med høyringsfrist 22.04.2014.

Saken er drøfta med Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Naturvernforbundet og Molde og Romsdal turistforening.

Innleiingsvis vil me uttrykkje takksemd for at me blir høyrte i denne viktige saka. Samstundes ønskjer me å be om at denne planlagte utbygginga blir lagt fram i Markarådet til vurdering.

Me les av Markaplana av 1999 at politikarane bestemte at det skal byggast ein kombinert turveg/traktorveg inne i Moldemarka på strekninga Kringsjø-Kvam og at dei bestemte at denne skulle byggast i type «Trondheimsvarianten» med følgjande spesifikasjonar;

«1. Turveg i kombinasjon med traktorveg Kringsjø-Kvam



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

«Dette er et stort prosjekt, der hele eller store deler av strekningen kan bygges som traktorveg. Standarden skal være som en lett traktorveg, med forsterkede skuldre og med en grusstripe på 1-1,5 m. Lengde: 3500 m. Kostnad: 2 mill.? Prioritet: 1-2. Ansvarlig: Kultur/Teknisk.»

Landbruksvegen som no er til høyring er tenkt bygd som skogsbilveg i vegklasse 3. Vegklasse 3 vil seie at vegbreidda blir minimum 4 meter. Kor brei vegen er tenkt bygd er ikkje skildra i søknaden, heller ikkje andre vesentlege element som kurvatur, stigning, skråningsbreidde, rydebredde og liknande. Men det me veit om skogsvegar i denne standarden er at dette er som å leggje ein bilveg i Moldemarka ved at ein skal kunne køyre vogntog med fullt lass på denne vegen, bortsett frå i teleløysinga. Det betyr også at kurveradius blir stor samt at det blir liten stigning som i praksis fører til at veglina blir stiv med store fyllingar og skjæringar. Med ein slik skogsvegstandard vil sjølv om ein ønskjer å følgje terrenget med veglina, ikkje kunne greie dette då vegen med sin stivheit overstyrer naturen.

Tilgjengelegheit til marka og opparbeiding av turstiar heng nøye i hop. Turstiar kan vere av gjennomgåande karakter samt tilkomststiar frå der folk bur og kjem til. Me er difor spesielt bekymra for at den omsøkte skogsvegen med sin storleik skaper ein fysisk hindring som hindrar framføring av turstiar og tilkomsten til marka.

Me kan ikkje sjå at den omsøkte skogsvegen er i tråd med det politikarane har bestemt skal vere standarden for ein kombinert turveg og traktorveg i Moldemarka. Ergo bør dette vurderast som ein dispensasjon ut frå gjeldande kommunedelplan. Me les i Markaplana knytt til Retningslinjer for dispensasjon;

«1. Når særlige grunner foreligger kan det gis dispensasjon fra denne planen, men utgangspunktet er at praksisen skal være særlig restriktiv.»

Konklusjon

Moldemarkplana var i si tid eit produkt av avvegingar av blant anna friluftslivsinteresser, naturvern og skogsinteressene. Me meiner at når Markaplana i si tid opna for ein kombinert turveg og traktorveg for skogsdrift for å gjere marka meir tilgjengeleg, så var ikkje dette ein slik skogsveg som no er omsøkt. Ein skogsveg av ein slik standard som



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

omsøkt vil etter vårt skjønn, diverre føre til for store inngrep i Moldemarka og for store ulemper for ålmenta, naturen og kulturvernet.

helsing

Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Ingbjørn Bredeli
Koordinator

Kopi
Markarådet med Gunhild Merringdal